

Saksbehandlar: Elisabet Skrede, Tannhelsetenesta
Sak nr.: 19/190-1

Oppfølging av FT-sak 25/16 Tannhelsetenesta - ein framtidretta klinikk- og tenestestruktur

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek orienteringa om oppfølging av FT-sak 25/16, Tannhelsetenesta – ein framtidretta klinikk- og tenestestruktur, til vitande. Det vert arbeidd vidare med ikkje avslutta tilpassingar innafør ramma av denne saka.
2. Det vert opna for kjøp av eigedommen fylkeskommunen i dag leiger til tannklinikken på Eid. Kjøpet vert finansiert med oppsparte fondsmidlar. Fylkesrådmannen får fullmakt til å sluttforhandle og signere endeleg avtale.
3. Det skal leggast fram ei eiga sak for fylkestinget i juni som vurderer moglege alternativ og vidare framdrift i arbeidet med å løyse arealbehova ved tannklinikane i Florø og Sogndal.

Vedlegg:

Tannhelsetenesta - ein framtidretta klinikk- og tenestestruktur. Utgreiingsrapport, 15.12.2015.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Tannhelsetenesta har dei siste åra arbeidd med å oppgradere og tilpasse tannklinikkar i tråd med FT-vedtak 25/16 Ny tannhelsestruktur. I FT-sak 56/18 Budsjett/økonomiplan vedtok FT at fylkesrådmannen skulle kome attende med ei eiga sak som viser kva som er gjennomført og kva som står att for å fullføre strukturvedtaka i nemnde sak.

Fylkestinget (FT) vedtok følgjande i sak 25/16:

1. *Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane reduserer talet på tannklinikkar frå 28 til 18 innan 01.01.2019. Tannklinikane i Naustdal, Vassenden, Sande, Svelgen, Dale, Selje, Balestrand, Leikanger, Innvik og Hornindal vert avvikla.*
2. *Førde, Askvoll og Høyanger tannklinikkar vert utvida for å kunne tilby tenester til fleire innbyggjarar.*
3. *Sentralklinikane og Måløy tannklinikk skal ha utvida opningstider.*
4. *Florø, Stryn og Vågsøy tannklinikkar vert oppgraderte for å svare til moderne kvalitetskrav.*
5. *Sogn og Fjordane fylkeskommune reviderer forskrifta for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta. Ordninga skal innrettast slik at ho kjem pasientane som må reise oftast og lengst for behandling til gode. Fylkestinget får revidert forskrift til handsaming i desember 2016.*
6. *Kommunar som ynskjer å overta ledige tannlegestolar får overta dei vederlagsfritt.*

2. Oppfølging av vedtaket

Per i dag er tannklinikane i Naustdal, Vassenden, Svelgen, Dale, Selje, Leikanger, Innvik og Hornindal avvikla og samlokaliserte med nærliggande tannklinikkar. Dei klinikane som står att er Sande og Balestrand. Desse klinikane kan ikkje avviklast før ombygginga av Høyanger tannklinikk er ferdig. Ombygginga i Høyanger vil starte våren 2019. Prosjektet er kostnadsrekna til 10 mill. kr, der 6 mill. kr er finansiert ved oppsparte fondsmidlar og resten (4 mill. kr) over investeringsbudsjettet for 2019.

Dale og Askvoll tannklinikkar er samlokaliserte i nye lokale i Askvoll frå januar/februar 2019.

Måløy tannklinikk er oppgradert for å svare til moderne kvalitetskrav og som ein følgje av nedlegging av Selje tannklinikk.

Når det gjeld vedtaka knytt til utviding av Førde tannklinikk og oppgradering av Florø og Stryn tannklinikkar, er desse ikkje gjennomførte som planlagt. Desse vert nærare omtala i denne saka. I tillegg til dei vedtekne bygningsmessige/utstyrmessige endringane, legg fylkesrådmannen no fram to nye strukturelle endringar som bør gjennomførast, den eine for å sikre Sogndalsregionen gode nok tenester, den andre for å løyse inn bygget vi i dag leiger på Nordfjordeid.

1. Kjøp av eigedom på Eid

Tannklinikken ligg sentralt på Eid i eit frittstående bygg. Tannhelsetenesta leiger lokala hjå privat aktør. Husleiga er noko under 0,5 mill. kr pr år. Eigaren ønskjer å selje bygget til fylkeskommunen. Overtaking av bygget vil gje større fleksibilitet med omsyn til bygningsmessige tilpassingar, samstundes som innspart husleige langt på veg kan forsvare kostnadane ved eit kjøp. Fylkesrådmannen vil tilrå at vi gjennomfører kjøpet. Med bakgrunn i dette er det førebels reservert 6 mill. kr av oppsparte fondsmidlar til dette føremålet.

2. Sogndal tannklinikk

Tannklinikken i Sogndal er i dag for liten med tanke på tal behandlingsrom og fellesareal. Dette vart ikkje fanga opp i strukturendrings-saka, då hovudgrunnen til kapasitetsutfordringane kjem som følgje av eksterne pålegg som er komne etter FT-vedtaket vårt.

Regjeringa har bestemt at den off. tannhelsetenesta skal ha eit tilrettelagt tilbod til tortur- og overgrepsetatte og personar med sterk angst for tannbehandling (odontofobi). Eit slikt team omfattar psykolog, tannlege, tannpleiar og tannhelsesekretær med spesialkompetanse. Drifta av teama vert i hovudsak finansiert med eksterne midlar, men vi må sjølv dekke bygningsmessige utfordringar og tilpassingar. Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har to slike team, eitt av dei i Sogndal - oppretta i 2018. Dette har gjort til at tannklinikken har vokse ut av lokala.

Fylkesrådmannen kjem attende til denne problemstillinga i neste punkt.

3. Vidare plan for klinikoppgradering og -tilpassing

Stryn tannklinikk:

Naudsynt oppgradering av Stryn tannklinikk er planlagt utført i løpet av 2019. Prosjektet har ei kostnadsramme på om lag 3 mill. kr, og vert finansiert av oppsparte fondsmidlar.

Førde tannklinikk:

Tannklinikane i Naustdal og Vassenden er avvikla. Sande fungerer i dag som reserveklinikk. Innbyggjarane får behandling og oppfølging ved Førde tannklinikk.

Førde tannklinikk er for liten for dagens drift. Det er ikkje nok behandlingsrom for å dekke dagens behov etter samlokalisering av klinikane. Vi har vurdert lokala der klinikken ligg i dag, og dei er ikkje eigna for ombygging.

Det er planlagt at tannklinikken skal inn i nye Førde vg skule på Øyrane, og det er set ned ei brukargruppe for planlegging av den nye klinikken i samband med planlegginga av skulen.

I følgje vedtak i fellesnemnda (Vestland) i mars 2018 skal Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vest (TKV) vere i Bergen i tilknytning til fagmiljøet på odontologen. Dette senteret skal vere base for spesialisttannhelsetenesta. Ein skal samtidig byggje opp ein desentralisert modell der spesialistar frå TKV skal utføre tenester i Sogn og Fjordane.

Førde tannklinikk skal vere eit senter for spesialisttenester i tillegg til vanleg drift. Det er naturleg med tanke på at Førde tannklinikk per i dag har narkosebehandling på Førde sentralsjukehus i tillegg til at Helse Førde sin kjevekirurg er lokalisert der.

Kostnadane knytt til ny tannklinikk i Førde er innarbeida i kostnadsoverslaget til nye Førde vg skule på Øyrane. I tillegg til byggekostnadane er det sett av 6 mill. kr til dentalteknisk utstyr, finansiert ved bruk av oppsparte fondsmidlar. Dentalteknisk utstyr er kostnadsrekna til om lag 9 mill. kr. Dei resterande 3 mill. kr må takast av investeringsbudsjett det aktuelle byggeåret.

4. Ny vurdering av alternativ for lokalisering av Flora og Sogndal tannklinikkar:

Florø tannklinikk

Tannklinikken ligg i dag sentralt i eit bygg med fleire leigetakarar. Tannhelsetenesta leiger lokala av privat aktør. Lokala er ikkje godt nok universelt utforma. Det er vurdert oppgradering av desse lokala, men dei er ikkje eigna for ombygging til dagens standard.

Sogndal tannklinikk:

Tannklinikken leiger i dag lokal av privat aktør. Det er vurdert utviding av lokala, men med omsyn til klinikken si fysiske plassering er det ikkje mogeleg å få til ei tilfredsstillande løysing.

Fylkesrådmannen er komen til at det må finnast nye lokale til desse to tannklinikane. Før ein tek nærare stilling til dette, bør det gjerast ei vurdering av kva alternativ som kan vere aktuelle. Dette kan vere alt frå bygging/ombygging av fylkeskommunale lokale til leige hjå eksterne aktørar i alt etablerte bygningar/nye prosjekt.

Med bakgrunn i dette tilrår fylkesrådmannen at det vert utarbeida ei eiga sak til fylkestinget i juni der ein tek stilling til kva alternativ ein skal legge til grunn for det vidare arbeidet med å skaffe desse to tannklinikane tenlege lokale.

Det er sett av inntil 1 mill. kr til naudsynt planleggingsarbeid i høve desse prosjekta. Planleggingsmidlane vert finansiert med investeringsmidlar for 2019.

3. Konklusjon

Tannhelsetenesta har oppgradert og samlokalisert tannklinikkar etter vedtak i FT-sak 25/16. Det står no att oppgradering/utviding av Florø, Stryn og Førde tannklinikkar. Tannhelsetenesta har laga ein vidare plan for klinikkoppgadering - som i tillegg til Florø, Førde og Stryn - også omfattar Nordfjordeid og Sogndal tannklinikkar.

Tabellen under samanfatar korleis vi tenkjer å nytte fondsmidlane, jf. eiga sak om resultat-overføringsordningane. Dessutan viser tabellen korleis årets investeringsmidlar er tenkt nytta.

Prosjekt/tannklinikk	Fondsmidlar	Investeringsmidlar	Totalt
Høyanger	6,000	4,000	10,000
Stryn	3,000		3,000
Askvoll		1,000	1,000
Førde	6,000		6,000
Sogndal		1,000	1,000
Sogndal/Florø		1,000	1,000
Eid	6,000		6,000
Stipend	0,150		0,150
Sum	21,150	7,000	28,150